

# Registrering av historiske hagar i Sogn - pilotprosjekt

## Walaker hotell i Solvorn, Luster kommune

Er huset registrert i SEFRAK: ja Reg.nr. i SEFRAK:162-14260202100	Er hagen registrert tidlegare: nei
--	---------------------------------------

Namn: Walaker hotell Byggeår hus: 1934 Stilart, hus: empire	Eigar: Ole Henrik Nitter Walaker Adresse: Solvorn	Kommunenr: 1426 Kommune: Luster kommune
Lokalt namn: Walaker hotell	Brukar: Adresse: Solvorn	G.nrB.nr: 177-11
Opphavleg funksjon: Hotell/bustad	Stadnamn: Walaker hotell	Arealbrukskategori i kommuneplanen:
Noverande funksjon: Hotell	Hagetype: Hotell-hage	Reguleringsformål: Spesialområde vern og hotell Vedtaks dato: 31.05.1995



Fotograf: Ole Henrik Nitter Walaker



Oversiktskart over Solvorn sentrum. Markert område viser det registrerte området til Walaker hotell.

Informantar:

Fotoarkiv referansar:  
Fleire gamle bilete hos eigar

Gamle hageplanar:  
Årstal:  
Årstal:

#### Historikk:

Dersom ikkje anna er nemnt er referansane personleg meddeling frå Hermond og Oddlaug Nitter Walaker.

Gjestgivarstaden er over 300 år gammalt, og har like lenge vore i familien Nitters eige. På midten av 1800-talet begynte dei første turistane å kome til Vestlandet. I 1856 reiste den svensk-norske kronprinsen, seinare kong Carl 15, gjennom Noreg. Han reiste over Sognefjellet og ut Sognefjorden. Med i følgjet hans var fotograf Mathias Hansen, og det var truleg han som tok dei første bileta av Solvorn og Walaker Hotell. Dei eldste bileta frå hotellet viser ingen anlagt hage i forkant av husa. Dei låg så nær stranda at ved flod sjø kunne vatnet kome heilt inn i potetkjellaren. Rundt 1880 blei plataet til forhagen bygd og det blei anlagt ein hage med frukttre og slyngande grusgangar. På bilete frå 1910 ser ein ingen plen, men blomsterrabattar mellom grusgangane. Lysthuset er også med.

Erik Nitter overtok i 1878 staden, for så å overlate drifta til odelsguten Wilken. Wilken var gift med Inga Ragnhild Mo frå Luster, og ho vart etter kvart ein legende som hotellvertinne i Solvorn. I tillegg til å drive gjestgiveriet, hadde dei også båtekspedisjonen i Solvorn og ansvaret for postkontoret.

Det var no grunnlaget vart lagd for ei meir moderne hoteldrift på Walaker, då dei på midten av 1930-talet bygde om den gamle gjestgivargarden for å gjere han meir funksjonell. På 1930-talet var vegen som gikk rett forbi inngangen til hotellet flytta. Tidlegare låg hagen nedanfor vegen. No blei det anlagt ein nyformal hage føre huset. Det var Inga Ragnhild Mo som fekk anlagt hagen. Muren som utgjorde den planerte hagen blei utvida til å gjelde heile det nye husets lengderetning. Vegen blei omlagt nedanfor hagemuren og står på ein vakker vegmur (Jf. bilete). Det blei bygd ein veranda som er inntrekt i huset, med trapp direkte ned i hagen. Gamle takheller frå Tingstova (sør for hotellet) blei brukt til hellegangane i anlegget.

For å auke romkapasiteten fekk dei og i 1964 oppført ein bungalow-liknande motellbygning i hagen sørvest for Tingstova.

Hermod og Oddlaug Marie Nitter har drive staden frå 1968 og fram til i dag. I tilknytning til 300-års jubileet vart kunstgalleriet Galleri Walaker opna i den gamle uthusbygningen rett bak hotellet. Ole Henrik overtok 01.01.2008 som eigar av Walaker hotell.

<p>Opphavlig stilart: 1800-talshage</p> <p>Anlagt:ca 1980</p>	<p>Dagens stilart: Ny-formal hage</p> <p>Anlagt:1934</p>	<p>Andre endringar: Bekk i nordre del av hagen lagt i røyr og stikkelsbærbusker fjerna. Årstal: 1950</p> <p>Ny hotellbygning vest for den gamle hotellbygningen. Årstal: 1964</p>
---	--	---

### Skildring av anlegget:

Walaker hotell ligg i bygda Solvorn som er ein gamal strandsitjarplass. Hotellet ligg like ved stranda og ferjekaia i Solvorn, og er kome med under "De historiske hotella". Bratte fjell omkransar bygda og tidligare var fjorden den viktigaste ferdselsåra til strandsitjarplassen.

Når ein kjem til hotellet, er hagen det første ein ser på dei gamle murane. Ein port fører rett inn i hagen. Kontakt mellom hus og hage er spesielt fin med ein veranda med brei trapp som fører rett ut i hagen. Elles er de rette hellegangane med blomsterbed imellom karakteristisk for hagen. Tidlegare var dette reine stauderabattar. No er det også planta inn buskroser og syrinhortensia i beda. Hagen er ramma inn av eit kvitt stakittgjerde. Elles avgrensast hagen av ein klipt hagtornhekk i front, ein syrinrabatt i sør og lysthus, frukttre og bærhage i nord. Av dei gamle frukttrea frå den gamle hagen er det berre eit gravenstein-epletre som står att. Fram til 1970-talet stod fleire gamle keiserinne-pæretre i hagen, men dei døydde ut og blei erstatta med prydtre.

Lysthuset er gjenbygd slik det såg ut på 1930-talet. Før det var lysthuset opent. Ved Tingastova som er den eldste huset til hotellet (frå 1600-talet), står den gamle asken. Denne har blitt følgt opp av ein profesjonell "tredoktor". Sørvest for Tingastova er det nyare leilegheitskomplekset. Kvitt stakitt og ein klipt hekk av blankmispel avgrensar dette området. Mellom Tingastova og hotellhagen fører ein veg opp til låven som i 1980 vart omgjort til galleri. Samtidig vart det anlagt ein hellelagt gardsplass her.

Den planerte hotellhagen har, sjølv om nokre av plantane er bytta ut med nye prydbusker og tre, behalde dei gamle strukturane. Stakittgjerde og lysthuset er oppattbygd då det gamle var rote og vanskeleg å restaurere. Hellegangane og beda ligg slik som dei gjorde då hagen blei anlagt og rammeplantingane er også opphavlege. Mykje av det gamle plantemateriale frå den tida hagen blei anlagt kan ein framleis finne, og den over hundre år gamle eika blir tatt godt tatt vare på.

<p>Viktige element: Klipte hekker og stakittgjerde Rette hellegangar og bed Kontakt mellom hus og hage</p>	<p>Vegetasjonens tilstand: Gravensteinepletre litt redusert, elles god. Vedlikehold: godt</p>	<p>Detaljer: Lysthus Svartgallebær Gamalt epletre Gamal ask</p>
<p>Tre: 1. Acer t. ssp. ginnala - Sibirlønn (ny) 2. Fagus s. 'Atropurpurea' - Blodbøk(ny) 3. Fraxinus excelsior, - Ask (ca 1890) 4. Malus ssp. - Prydeple(ny) 5. Prunus ssp - Prydkirsebær(ny) 6. Quercus – eik (1000-årstre) 7. Thuja – tuja (ny)</p> <p>Frukttre: 8. Eple 'Gravenstein'(ca 1850) 9. Eple 'Summer-red'(nye) 10. Plomme 'Reine Claude'(ca1955) 11. Plomme? (nye)</p>	<p>Busker: 12. Crataegus i. - Hagtorn(ca 1934) 13. Hydrangea p. - Syrinhortensia(nye) 14. Ribes nigrum - Solbær (ca 1950) 15. Rosa 'Chinatown(nye) 16. Rosa 'Romanze'(nye) 17. Rosa 'Westerland'(nye) 18. Philadelphus c. - Duftskjærmin(nye) 19. Symphoricarpos - Snøbærbusk(ca1934) 20. Syringa vulgaris, - Vanlig syrin (ca 1934) 21. Vaccinium c. - Amerikansk blåbær(ny)</p>	<p>Stauder: 22. Arun dioicus - Skogskjegg 23. Bergenia - Bergblomst 24. Bryonia alba, - Svartgallebær(ca 1900) 25. Convallaria m. - Liljekonvall 26. Delphinium - Praktridderspore 27. Lilium sp.- Lilje 28. Levisticum o. - Løpestikke(nye) 29. Lysimachia punctata - Fagerfredløs 30. Paeona sp. - Peoner (nye) 31. Phlox paniculata - Høstflops 32. Polygonayum m. - Storkonvall 33. Rheum r. - Rabarbra 34. Rudbeckia laciniata - Gjerdesolhatt 35. Solidago x hybrida - Hagegullris</p> <p>Sommarblomster: 36. Tanacetum p. - Matremkrage (1934)</p> <p>Løkplanter: 37. Scilla - Blåstjerne 38. Iris - Iris</p>
<p>Synfaring, namn: Walaker hotell</p>		<p>Dato: 16.10.08</p>
<p>Andre tilstadeverande: Hermod og Oddlaug Marie Nitter</p>		<p>Andre opplysningar:</p>
<p>Synfaring med fagperson, namn:</p>		<p>Dato:</p>
<p>Synfaringsreferanse: Gyril Fimreite</p>		<p>Verne vurdering: Høg</p>

